


# **Lokal forskrift om permisjon for elevar i grunnskulen i Gol .**



## **Heimel:**

Fastsett av Kommunestyret i Gol kommune 4. januar 2025 sak 7/25 med heimel i lov av 9. juni 2023 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2–2 fjerde ledd.

### **§ 1 Formål og verkeområde**

Forskrifta gjeld for elevar i den kommunale grunnskulen i Gol kommune.

Forskrifta gjeld ikkje for vaksne som mottar grunnskoleopplæring (førebuande opplæring for vaksne) etter opplæringslova kapittel 18.

Gol kommune vil med denne forskrifta sikre eleven sin rett til grunnskuleutdanning, og sørge for likebehandling i dei tilfella det blir søkt om permisjon.

Det er eit viktig premiss for læring at elevane er til stades på skulen i skuletida.

Ferie og andre fritidsaktivitetar skal så langt som råd leggjast i periodar som er skulefri.

Dersom skulen innvilgar permisjon, er det ein føresetnad at opplæringa blir ivaretatt av føresette i den tida eleven blir tatt ut av ordinær opplæring.

### **§ 2 Rett til å søkje permisjon**

I opplæringslova §2.2 står det: «*Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg.*»

Det blir som hovudregel ikkje innvilga permisjon i periodar der det blir gjennomført statlege kartleggingsprøver, nasjonale prøver, heildagsprøver på ungdomsskulen, leirskule og svømmeopplæring.

Det blir som hovudregel heller ikkje innvilga permisjon første halvår på 1. trinn og siste halvår på 10. trinn.

I desse periodane kan det unntaksvise bli gitt permisjon i samband med politisk arbeid/verv, idrettsarrangement på nasjonalt nivå eller frivilligheitsarbeid.

### **§ 3 Vilkår for permisjon**

Elevar kan innvilgast permisjon i inntil to veker (10 skuledagar) i løpet av eit skuleår, dersom eleven får ein opplæring som samla sett er forsvarleg.

I vurderinga av om opplæringa samla sett er forsvarleg, vil det blant anna bli lagt vekt på:

- a) kva som er det beste for eleven, og kva eleven sjølv meiner
- b) om permisjonen ikkje er til hinder for elevens faglege og sosiale utvikling
- c) om skulen vurderer at opplæringa i permisjonstida er tilstrekkeleg
- d) eleven sin fråvers- og permisjonshistorikk
- e) om eleven utan opphold kan følge med i opplæringa på skulen etter fråværet

### **§ 4 Permisjon for trussamfunn**

Elevar som hører til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdag, i tråd med oppl. § 2–2 femte ledd. Retten til permisjon etter denne avgjerdta, føreset at føresette sørger for opplæringa som skal til for at eleven skal kunne følge med i opplæringa på skulen etter fråværet.

### **§ 5 Søknad om permisjon**

Søknad om permisjon skal sendast til skulen i god tid før permisjonen, seinast 10 dagar før. Søknaden skal sendast skulen i gjeldande foreldreportal og innehalde:

- \* Ønska permisjonsperiode
- \* Grunngjeving for permisjon
- \* Plan for korleis eleven skal få tilstrekkeleg opplæring i permisjonstida

### **§ 6 Varigheit på permisjon**

Elevar kan få innvilga permisjon i inntil 10 skuledagar samanhangande. Blir det søkt om fri utover dette, eller eleven er fråverande utover dei to vekene utan gyldig grunn, vil eleven bli skriven ut av skulen. Eleven må skrivast inn igjen når eleven er tilbake.

Dette inneber ikkje at eleven mister retten til skuleplass i Gol, men at eleven unntaksvis vil kunne få skuleplass i ei annan gruppe/klasse enn før permisjonen, avhengig av kapasitet.

## **§ 7. Behandling av søknad om permisjon**

Søknad om permisjon må sendast til skulen i god tid, seinast 10 dagar før permisjonen skal starte. Rektor har delegert mynde til å fatte vedtak i saker om elevpermisjon. For permisjonar inntil to dagar, kan rektor delegere til eleven sin kontaktlærar å gje permisjon.

Søknaden skal sendast og behandlast i gjeldande foreldreportal.

## **§ 8 Klage på vedtak om permisjon**

Behandling av søknad om permisjon er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Frist for å klage er 3 veker frå vedtaket kom fram til klagar. Ein eventuell klage skal sendast til skulen v/rektor. Dersom skulen opprettheld vedtaket, blir klaga sendt vidare til Statsforvaltaren som er klageinstans.

## **§ 9 Ikrafttredelse**

Forskrifta trer i kraft frå 1. august 2025.